

Soga om Torstein Kvite

Omsett av Ivar Berg

Om Þorsteins saga hvíta

Soga er berre overlevert i unge papirhandskrifter. Hovudhandskriftene er AM 156 folio og AM 496 4to frå 1600-talet, men sogu er truleg skriven ikring eller rett før 1300. Ho ser ut til å vera meint som ei innleiing eller eit tillegg til *Soga om våpnfjordingane*, og fortel om føremennene til hovudpersonane der. Tittelen er litt misvisande, for sogu handlar vél så mykje om Torstein Torfinnsson Fagre som Torstein Kvite sjølv. I motsetjing til dei fleste islendingesoger greier dei her å stogga hemnsjpiralen og forsona seg.

Dette er den nest stuttaste islendingesoga (eller stuttaste om ein ikkje tel *Soga om Ølhette*), og har somtid vore kalla ein *tått*. Men teksten har mange av dei typiske trekka til ei sogu, frå landnám på Island til ei oppsummering av etterslekta. Teksten er omsett frå Svart á hvítus nettutgåve av *Íslendinga sögur* og utgåva i *Íslensk Fornrit XI*, s. 3–19.¹

Kapittel 1

Ein mann heitte Olve Kvite. Han var son hans Osvald, son hans Gange-Rolv, son hans Okse-Tore. Han var lendmann i Noreg og budde i Namdalen. Under ufreden med Håkon jarl rømde han til Ørlandet og døydde der. Han hadde berre éin son, som heitte Torstein og var kalla Torstein Kvite. Straks etter at far hans hadde late livet, fór han ut til Island med alt han átte, og kom med skipet sitt inn i Våpnafjorden. Men då var landnámstida slutt i heile Island.

På Hov i Våpnafjorden budde ein mann som heitte Steinbjørn og var kalla Korte. Øyvind, farbroren hans, hadde gjeve han land der, alt mellom Våpnafjorden og Vestdalså. Steinbjørn var eit stort øydeland i hushaldet.

Då Torstein fekk vita at alt landet var teke allereie, fór han til møtes med Steinbjørn. Han kjøpte land av han og bygde seg ein gard på Toftvoll. Han budde

¹ Lett revidert versjon av omsetjinga trykt i Jon Gunnar Jørgensen & Jan Ragnar Hagland (red.), *Islendingesagaene. Samtlige sagaer og førtini tættar*, band IV, s. 301–308. Reykjavík: Saga forlag, 2014.

der nokre vintrar og vann stor eigedom og vyrdnad. Han hadde berre budd stutt tid på garden før han fór og leita seg gifte. Han bad om ei kvinne som heitte Ingebjørg og var dotter hans Rodgeir Ramnsson den kvite. Henne fekk han, og med henne hadde han fem born. Ein av sønene hans heitte Onund, ein annan Tord og ein tredje Torgils. Døtrene hans heitte Torbjørg og Tora. Torgils teikna til å verta ein svært dugande mann.

Torstein vart svært rik. Steinbjørn Korte gjekk tom for pengar, og fór til møtes med Torstein og bad om å få låna av han. Torstein var viljug til å låna han pengar, og så mykje lånte han av Torstein, at han øyde svært mykje av godset sitt. Torstein tykte Steinbjørn vart ein dårlegare skuldmann, og at det var utrygt å ha pengar uteståande hjå han. No kravde han inn gjelda, og pengesaka deira vart løyst ved at Steinbjørn betalte Torstein med Hovland. Torstein flytte til Hov og kjøpte seg gòdord, og vart den største flokkhovdingen. Han var så vennesæl som nokon mann.

Då Torstein hadde budd mange år på Hov, så bar det slik til i heimen hans at Ingebjørg fekk sott og døydde. Torstein tykte dette var stor skade, men heldt likevel fram med gardsdrifta som før.

Kapittel 2

Ein mann heitte Tore. Han var son av Atle som budde i Atlavik austanfor vatnet; der er det no sauefjøs. Tore var gift; kona hans heitte Åsvor og var dotter hans Brynjolv Gamle. Tore og kona hadde to born. Sonen deira heitte Einar, og dottera Åsvor. Einar var modig, men ingen stor mann, svært storlåten og berre måteleg vennesæl. Åsvor var svært vakker og vennesæl.

Det bar slik til med helsa hans Torstein Kvite, at han fekk så ille augneverk at han miste synet av det. Han tykte han var ufør til å styra garden, og rødde no med Torgils og bad han ta over drifta av hushaldet. Torgils sa at han plikta å gje slik hjelp som han kunne. Far hans sa vidare at han burde gifta seg og be om Åsvor Toresdotter. Slik vart det, og ho fór med han til garden. Det vart stor kjærleik mellom dei, og dei fekk to born. Sonen deira heitte Helge og dottera Gudrun. Torgils var då vel tjue vintrar gammal.

Kapittel 3

Rane heitte ein mann, og var kalla Gullhatt. Han var fosterfar hans Torgils og skyld med Åsvor. Han budde på Hov og var ein svært storlåten mann som gjekk for å vera vondskapsfull.

Torkjell heitte ein mann, og var kalla Flette. Han budde på Hov og var skyld med Hovsfolket, og var ein stor og sterk mann.

Torbjørn heitte ein mann. Han budde i Sveinungsvik. Det er mellom Melrakasletta og Tistelfjorden. Torbjørn var ein god mann, sterk i kroppen og ein god ven av Torstein Kvite.

Ein mann var kalla Torfinn. Han budde på Skjeggestad i Nevilsdal, og åtte òg ein annan gard. Torgerd heitte kona hans. Dei hadde tre søner; den eine heitte Torstein og var kalla Fagre, den andre Einar og den tredje Torkjell. Dei var alle emnelege menn, men Torstein var den fremste av brørne. Han var fullvaksen på den tida det her vert fortalt om.

Krake heitte ein mann som budde på den garden som heiter Krakabekk. Han var ein rik mann, gift, og kona hans heitte Gudrun. Dei hadde ei dotter som heitte Helga og var ei svært vakker kvinne; ho tyktest vera det beste giftet i Fljotdalsheradet.

Det er fortalt at Torstein Fagre bad om å få låna pengar av far sin, og sa han ville fara bort frå Island. Torfinn sa at slik skulle det verta, og gav han det han bad om. Då han hadde vore på reise nokre somrar, hadde han vunne mykje gods og ære. Og kvar gong han var heime, la han att noko av godset sitt som han og faren tyktest trenga.

Ein vår då Torstein hadde vore heime om vinteren, kom Einar Toresson i snakk med far sin, og bad om stønad frå han for å fara på handelsferd med Torstein. Torstein sa at han ikkje ville nekta Einar medeigarskap, og gav han halve skipet. Han sa likevel at han var berre måteleg huga på samarbeidet deira, på grunn av det ublide huglyndet hans Einar.

Dei reiste ut og dreiv handel i lag. Torstein gjorde alt for at Einar skulle verta akta, og vyrde han høgt på alle vis. Men likevel laga det seg slik at Torstein vart betre likt av dei andre mennene, fordi han viste seg som ein god og blidlyndt mann. Samarbeidet deira gjekk bra ei stund.

Kapittel 4

Det er sagt at ein vinter då fosterbrørne var her ute på Island, kom Torfinn i snakk med Torstein om kva han etla seg til å gjera til sommaren. Torstein sa at han tenkte seg utanlands. Torfinn sa at han heller ville at han tok over garden med han. Torstein svara at det hadde han ingen hug til, men han kunne få det han ville av godset hans. Torstein åtte mykje i ferdalaget.

Torfinn sa at han hadde tenkt på kone for han, og ville be om Helga Krakesdotter for han. Torstein meinte ho var eit altfor stort gifte for han, ettersom ho var einearving etter Krake. Torfinn meinte ho var eit jamgodt gifte, både etter ætta og mannen.

Så fór dei og tala om dette med Krake. Han sa at dette likte han godt. Så vart saka teken opp med Helga, og det var ikkje nei i hennar munn. Dei var vitne til lovnaden hans Torstein, men fyrst ville han fara utanlands, og så skulle dei gifta seg når han kom heim att.

Torstein og Einar reiste, men medan dei var på havet, fekk Torstein skjorbuk, som dei kallar det, og var ikkje arbeidsfør. Karane lo åt han, og det var Einar opphavsmannen til. Då dei kom til Noreg, leigde dei eit lite hus der, og ingen brydde seg stort om Torstein. Der låg han heile vinteren. Einar spotta han mykje og lét det verta laga viser om han.

Om våren kom Einar til Torstein og bad han om å skifta godset. Han sa at han ville ha skipet åleine, og at han tykte det var lite truleg at Torstein kunne reisa ut til Island. Torstein sa at det ikkje hadde gått mykje annleis enn han hadde trudd etter huglyndet hans Einar. Om våren skifte dei eignelutane sine slik at Einar valde, medan Torstein låg i senga og delte.

Einar fekk skipet og fór til Island om sommaren. Då han kom dit, vart han spurd etter nytt. Han sa at han ikkje kunne seia noko visst, for Torstein hadde ikkje nett vore daud, men likevel var det ikkje usannsynleg at han ikkje ville koma att. Einar reid til far sin, og svivyrde Torstein mykje i alt han sa.

Om hausten kom det eit skip inn i Røydarfjorden. Einar reid til skipet og betalte austmannen for å seia at Torstein var avliden, og det gjorde han og alle skipskarane hans. Einar kom heim og fortalde at Torstein hadde late anden og fått ein ussel daude den vinteren.

Kapittel 5

Einar bad far sin be om Helga Krakesdotter for seg. Tore sa at slik skulle det verta. Så fór dei heimafrå og kom til Krake og sa fram friarmålet på vegner av Einar. Krake sa at han fyrst ville vita for visst at Torstein var daud, men lét til at han ville gje Einar dotter si når det fyrst var visst. Tore sa at det ikkje var rimeleg at Einar skulle gå å venta på svar frå denne kvinna som så fort vart bortlova til Torstein. Krake ville ikkje gje anna svar i denne saka.

Med så gjort fór far og son heim, og litt seinare reid Einar nordover til Hov og fortalde Torgils om friarmålet og at han hadde fått nei. Rane var der, og svara slik: «Ille kjem gode vener deg til hjelp, Einar, om du ikkje får denne kvinna.» Han sa òg at det var lite hjelp i venskapen med Torgils om han ikkje brydde seg om denne skamma som Einar hadde vorte utsett for.

Torgils svara: «Eg tykkjer Krake har bore seg vitug åt, og eg kunne ha gjort det same var eg i hans stad.» Einar gav att berre sant frå orda hans Krake, men likevel eggja Rane Torgils til å fara med han. Torgils sa han ikkje var glad for at han hadde fått denne saka i hende. Sidan fór dei til Krake, men han svara likeins

for seg som før.

Då sa Torgils: «Det kan vera slik at du rår for dotter di, men du kjem ikkje frå at du vil få søksmål om noko anna.» Krake sa: «Det vågar eg meg ikkje på.» Så feste han dotter si til Einar, og heldt sjølv bryllaupet. Krake skulle vera fri for all skuld for avtalebrotet med Torstein.

Kapittel 6

Det er å fortelja om Torstein at han kom seg. Han budde skipet sitt til islandsferd, og kom ut sommaren etter bryllaupet i Røydarfjorden. Han selde skipet sitt til nokre austmenn, for han ville gifta seg med Helga og slutta med ferdene sine.

Då han kom til Island, høyrde han om alt som hadde endra seg. Han fór då til møtes med far sin, og dei lét likevel skipshandelen stå ved lag. Torstein lét seg ikkje merkja mykje med denne saka. Om vinteren kjøpte han seg eit skip som stod på land i Bulungarhamn, og gjorde det sjøklart. Brørne hans ville fara utanlands med han, men vart ikkje klare like snart som han, for dei fór rundt i heradet og kravde inn pengane sine. Austmennene bar seg ille for at dei måtte venta på brørne hans Torstein om det kom god bør. Då sa Torstein: «Eg skal ri frå skipet vårt å finna dei og be om at dei skundar seg, men de skal venta på meg i minst sju netter.»

Torstein reid ut etter Øksarfjorden frå Bulungarhamn og opp på Mødrudalsheia, ned til Våpnafjorden og så aust over Smørvassheia, over Jøkulså i Bru og så over Fljotdalsheia, aust over Lagarfljot og opp etter elva til dess han kom til Atlavik tidleg om morgonen. Tore var reist i skogen med huskarane sine, ned til Bulungarvoll. Einar var heime, men hadde ikkje stått opp då Torstein kom i døra. Ute var ei kvinne som heitte Osk. Ho spurde kven framandkaren var.

Torstein svara: «Sigurd heiter eg, og eg er skuldig Einar og vil betala han no. Gå inn og vekk Einar og be han koma ut.» Torstein hadde eit spyd i handa og ullhuve på hovudet. Kvinna vekte Einar. Han spurde kven som var komen, og ho svara at han kalla seg Sigurd. Einar stod opp, kipte på seg skorne og tok på seg ei kappe, og gjekk så ut. Då han kom ut, såg Einar at det var Torstein som var komen, og han vart heller uvennleg.

Torstein sa: «Eg er komen hit fordi eg vil vita korleis du vil bøta meg for at du gjorde narr av skjørbuken min på havet og lo av meg med rorskarane dine. Eg kan vera nøgd med lite for det.» Einar sa: «Krev fyrst alle andre som lo av deg. Eg skal då bøta deg, viss alle dei andre bøter.» Torstein svara: «Eg treng ikkje slik til pengar at eg bryr meg om å finna alle, men eg vil at du bøter for deg.»

Einar sa at han ikkje ville bøta, snudde seg og gjekk til sovekammerset. Torstein bad han venta og ikkje skunda seg så raskt til senga hennar Helga. Einar brydde seg ikkje om det han sa. Då stakk Torstein Einar med spydet så det gjekk

gjennom han. Einar fall daud inn i rommet. Torstein bad tenestekvinna greia opp med Einar, og reid så same vegen attende som han var komen.

Han reid vest over åsen til selet hans Torbjørn, som stod mellom Melrakkasletta og Ormså. Han spurde Torbjørn om brørne hans var komne dit, men Torbjørn sa at det var dei ikkje. Torstein fortalde han kva som var skjedd, og bad han fortelja brørne hans at dei skulle dra til skipet. Så reid Torstein til skipet.

Tenestekvinna sende bod til Tore og lét fortelja han om drapet på Einar, sonen hans. Tore gav seg straks i veg, og fór nord til Våpnafjorden med to av huskarane sine og med båt over elva til Hov. Han fortalde hovsmennene om drapet på Einar. Torgils sa at han hadde nok trudd at det ikkje kunne gå vél når Einar fekk Helga. Dei bad han ri etter, og han lét då føra fram hestane sine. Rane kalla han redd viss han utsette ferda. Tore vende attende etter råd frå Torgils, men huskarane hans fór med Torgils. Dei var sju saman då dei fór i veg.

Kapittel 7

Brørne hans Torstein reid til selet hans Torbjørn morgonen etter at Torstein hadde ride derifrå. Dei åt dugurd der og la seg sidan til å sova. Torbjørn rådde dei sterkt frå dette, og fortalde dei om drapet på Einar og bodet frå Torstein; Torbjørn var ven av baa to.

Litt seinare kom Torgils og dei seks andre. Torbjørn vekte brørne og fortalde dei at Torgils og fylgjet var komne. No kunne dei ikkje koma seg unna. Torbjørn rådde dei til å grava ei djup grøft i selet framfor inngangen, «og så skal eg stå i døra». Og det gjorde dei.

Så kom Torgils og fylgjet til selet. Han trudde han skjøna at brørne var der inne, for hestane var utmødde og kløvene nyss tekne av. «Eg veit,» sa Torgils, «at dei er her». Torbjørn svara: «Du er ein svært gløgg mann, men likevel er ikkje brørne her som du seier. Men eg lét senda hestane mine etter ved, og me har nett teke av dei børa. Dei er nett komne frå vinterhusa, og før det gjekk dei frå stranda med rektømmeret til husbygginga i Sveinungsvik. Så eg eig hestane.»

Torgils sa at dette trudde han ikkje på, «og gå frå døra, for me vil ransaka selet». Torbjørn sa at det ville han ikkje gjera, «når de ikkje trur på det eg seier». Rane sa: «Me drep han viss han ikkje vil gå frå døra.» Torgils svara: «Det liker ikkje far min.»

Då baud Torkjell Flette seg til å gå bak huset og hoppa ned frå taket mellom Torbjørn og døra, og bera han frå døra og ned brekka. Torgils bad han gjera det. Så rydde Torkjell veg, slik at Torbjørn på denne måten vart boren frå seldøra; sidan batt dei han. Etter det gjekk dei til døra og krangla der om kven av dei som skulle gå inn fyrst.

Då Torgils vart merksam på dette, sa han: «Me er ikkje modige om me ikkje

torer å gå inn.» Så sprang han inn. Torbjørn talde han frå og bad dei lata han gå inn, men Torgils ansa ikkje orda hans. Han hadde skjoldet over hovudet sitt. Så sprang han inn og datt i grøfta, og brørne drap han der i grøfta. Etterpå reiv fylgjeskarane hans Torgils hol i selet og gjekk på brørne ei stund. Rane Gullhatt gjekk på selsveggen og kika inn den vegen. Då vart han stukken i handa med eit spyd. Brørne varde seg både vél og mandig, men bae fall til slutt med stor ære. Der fall òg bae huskarane hans Tore og ein tredje mann, Torgils Torsteinsson, som då var i trettiårsalderen.

Torbjørn vart seinare funnen og løyst. Han førde alle varene åt brørne til skipet i Bulungarhamn og fortalde Torstein tidenda. Torstein sa at Torbjørn hadde gjort rett i dette, og dei skildest med stor venskap. Torstein fór utanlands om sommaren og var borte fem vintrar. Han kom godt overeins med hovdingar og var halden for ein dugande mann.

Rane Gullhatt kom heim til Hov og fortalde Torstein Kvite at dei to sønene hans Torfinn var falne, og to av huskarane hans Tore. Torstein spurde: «Kvar er Torgils, sonen min?» Rane svara: «Han er òg fallen.» Torstein sa: «Fiendsleg fortel du tidendene. Du og råda dine har skulda for mykje vondt.»

Folk tykte dette var ei storhending då det spurdest. Sommaren etter vart det reist sak mot Torstein Torfinnsson, og han vart lyst utlæg for drapet på Einar. Brodd-Helge var tre vintrar gammal då far hans vart drepen, og svært lovande for alderen.

Torstein Torfinnsson fór til Island etter fem vintrar, og kom med skipet sitt inn i Midtfjorden. Han reid straks nord til Hov med fire mann. Brodd-Helge var då åtte vintrar gammal, og leika seg ute ved muren; han baud dei alle vera der. Torstein spurde kvifor han baud inn gjestene. Han sa at han åtte alt der i lag med bestefar sin. Torstein Torfinnsson og dei andre gjekk så inn. Torstein Kvite kjende stanken av sjøfarande og spurde kven som var komne. Torstein Torfinnsson sa som sant var.

Torstein Kvite sa: «Tykte du sorga mi var for lita om du ikkje søkte meg heime, blinde og gamle kallen?» Torstein Torfinnsson svara: «Ikkje var dét grunnen, men heller dét at eg vil by deg sjølvdøme for Torgils, sonen din, og eg har gods til å bøta han slik at ingen annan mann har vore så dyr.»

Torstein Kvite sa at han ikkje ville bera sonen sin i pungen. Torstein Torfinnsson, som òg var kalla Torstein Fagre, sprang då opp og la hovudet sitt i fanget hans Torstein Kvite, namnen sin. Torstein Kvite svara då: «Ikkje vil eg lata hovudet ditt slå av halsen. Øyro høver best der dei er vaksne. Men eg gjer det forliket mellom oss, at du skal koma hit til Hov og vera til hjelp med alt ditt og vera her medan eg vil, og skipet ditt skal du selja. Dette forliket samtykte Torstein Fagre i.

Då fylgjet gjekk ut, leika guten Helge Torgilsson seg med det gullslegne spydet som Torstein Fagre hadde sett ved døra då han gjekk inn. Torstein spurde

Helge: «Vil du ta imot spydet av meg?» Helge rådde seg då med Torstein Kvite, fosterfar sin, om han skulle ta imot spydet av Torstein Fagre. Torstein Kvite svara at visst skulle han ta imot det, og løna det som best han kunne.

Torstein Fagre var ei natt på Hov den gongen. Så fór han til skipet sitt og selde det. Sidan flytte han til Hov i Våpnafjorden med alt sitt. Han auka verdet mykje på krøtera hans Torstein Kvite, namnen sin.

Då han hadde vore der ei stund, ville Torstein Kvite at Torstein, namnen hans, skulle be om Helga Krakesdotter, og det gjorde han. Torstein Kvite drog saman med han, og ærendet gjekk godt, og Krake tykte dette var gjort som han ville. Så fór Helga til Hov med Torstein Fagre, for Torstein Kvite ville halda bryllaupet heime, fordi han tykte han var for skrøpeleg til å fara i bryllaup ein annan stad, og difor vart det gjort slik. Gjestebodet gjekk vél for seg, og samlivet deira var godt.

Åtte vintrar var Torstein Fagre på Hov med namnen sin, og var som ein son for han på alle vis. Og då så lang tid var gått, sa Torstein Kvite til namnen sin: «Vél har du bore deg åt for meg, og du er ein djerv og god mann på alle vis, og godt dugande. No vil eg at du gjer som eg rår deg til, og likeins far din og Krake, mågen din, at de alle bur dykk til å fara utanlands med alt de eig. For eg trur Helge, frenden og fosterson min, har mykje motvilje mot deg. Og no er han atten vintrar gammal. Og det er mest truleg at eg ikkje vert nokon langliva mann frå no, og eg vil at me skilst vél. Helge, frenden min, vil verta ein vyrdlaus mann, og ikkje rettvís. Ta no imot rådet mitt om dette, og ver ikkje her lenger enn eg rår deg til.»

Torstein Fagre sa at slik skulle det verta. Han kjøpte to skip og reiste utanlands med heile huslyden sin. Torfinn, far hans, og Krake, mågen hans, for òg utanlands. Dei kom nord i Noreg, og sommaren etter fór dei nord til Hålogaland og fekk seg bustad der med alt folket sitt. Der budde Torstein Fagre så lenge han levde, og var halden for ein svært dugande mann.

Kapittel 8

Helge voks opp med Torstein Kvite, fosterfar sin. Han vart ein stor og sterk mann, brålyndt, ven og stormannsleg. Han var ikkje snakksam i barndomen, vrang og stri allereie i ung alder. Han var aktsam og ustadig.

Det var ein dag på Hov at buskapen var på mjølkeplassen; ein svært stor okse var komen til dei. Ein annan okse var allereie der, stor og fælsleg, ein som frendane åtte. Helge stod ute og såg at oksane gjekk på kvarandre og stangast, og heimeoksen vart hardt skadd av granneoksen. Då Helge såg det, gjekk han inn og fann seg nokre store isbroddar som han batt i panna på heimeoksen. Så tok dei til å stangast som før, heilt til heimeoksen stanga den andre til daude.

Isbroddane hadde gått inn i buken.

Dei fleste tykte det var eit godt spikk Helge hadde gjort. Av dette fekk han tilnamn og vart kalla Brodd-Helge, og den gongen tykte folk det var til stor lukke å ha to namn. Då trudde folk at dei som hadde to namn ville leva lenger. Det vart snart lett å sjå på Helge at han ville verta ein stor hovding og ingen vanleg mann.

Éin vinter levde Torstein Kvite etter at han og Torstein Fagre skildest, og folk tykte han hadde vore ein stor og gjæv mann.

Geite i Krossavik var gift med Hallkatla, dotter hans Tidrande den gamle, son hans Kjetil Trym, son av Geite og Hallkatla.² Mellom Geite og Brodd-Helge var det i fyrstninga stor venskap, men han minka etter som tida leid og vart til full fiendskap, som det vert fortalt om i *Soga om våpna fjordingane*. Og her endar saga om Torstein Kvite.

² Slik står det i handskriftene, men samanhengen viser at noko har falle ut av teksten: Hallkatla var neppe si eiga oldemor.